

Starter frivilligsentral i Høyanger i 2011

■ **HØYANGER:** Høyanger kommune har søkt Det kongelige kulturdepartement om å få overført statsstøtta del fekk i 2010 til 2011. Pengane skal nyttast til å starte frivilligsentral. Kommunalsjef Ioni Varden skriv i søknaden at det tok lenger tid å starte opp enn planlagt. Departementet svarar at dei har ingen merknader til at 2010-støtta vert nytta i 2011.



Gjerde toppar Hyllestad Ap si liste

■ **HYLLESTAD:** Hyllestad Arbeidarparti er klar med si liste til kommunevalet 2011. Slik ser den ut: 1. Jan Olav Gjerde, Hyllestad (biletet). 2. Rita Ørnehaug, Leirvik. 3. Finn B. Førund, Leirvik. 4. Elin Beate Breidvik, Leirvik. 5. Svein Reidar Dale, Leirvik. 6. Per Egil Akse, Hyllestad. 7. Svanhild Avedal, Leirvik. 8. Stein Arne Solheim, Leirvik. 9. Laila Helen Wolff, Leirvik. 10. Frank Høgmo, Leirvik. 11. Kristin Malene Lund, Sørbovåg. 12. Svein Arild Dale, Leirvik. 13. Ann Sissel Austgulen, Sørbovåg. Dei to første på lista er kommuneutvalde, melder partiet i ei pressemelding.

Her er hindera som stoppar

■ Sjå kva utfordringar kommunane våre slit med

NÆRINGS LIV: Politikarar og grunderar utan mot, flinke folk flyttar, pendling og stor avstand til byane.

VAR MYKLEBUST LONGVÅSTØL
hvar@firda.no 91149813

Næringsjefane i Sogn og Fjordane har svært ulike svar på kva som hindrar næringsutvikling i deira kommune.

– Eg merka meg spesielt at fleire trekker fram landbrukslovgjevinga og strandlova. Ein næringsjef sa, rett nok på spøk, at her hos oss er 70 prosent verna og resten er strandline, fortel Johannes Idso, samfunnsøkonom på Høgskulen i Sogndal og den som gjorde intervjuet i 2010.

Næringsjefen, eller den som har dette ansvaret i kommunen, fekk spørsmål om kva er den største hindringa i næringsutviklinga, og deretter om det er stillstand innan viktige område no.

Slik svarte dei

Flora: Mangel på vilje og engasjement. Stillstand: Nei.

Gulen: Dårlege vegar og infrastruktur. Stillstand: Landbruk og fiske stagnerer.

Solund: Kompetente personar flyttar. Stillstand: Tradisjonelt landbruk og fiske (sjarkflåten).

Hyllestad: Konesjonslovgjevinga i landbruket. Stillstand: Landbruk har hatt problem, i omstillingsfase.

Høyanger: Tilgang på risikovillig kapital. Stillstand: Landbruket og støttenæringane.

Vik: Manglande omland. Dårleg kommunikasjon. Stillstand: Landbruk har nedgang.

Balestrand: Strandlova burde vore differensiert. Stillstand: Liten byggeaktivitet.

Leikanger: Lite næringsareal. Stillstand: Landbruk har hatt problem, i omleggingsfase.

Sogndal: Kunnskap og kompetanse. Stillstand: Handelen har stått stille.

Aurland: Liten linekapasitet på elnettet. Stillstand: Status quo i landbruket.

Lærdal: Mot blant politikarar og grunderar. Stillstand: Status quo på fleire område.

Årdal: Tilgang på kapital for å drive aktivt utviklingsarbeid. Internasjonale konjunkturar.

Stillstand: Hydro vil mest truleg trekke seg ut av Norge (og Årdal).

Luster: Manglar entreprenørar. Ingen klyngjer. Stillstand: Landbruket og støttenæringane.

PROSJEKTET

■ «Eit kunnskapsbasert Sogn og Fjordane» er ein del av eit nasjonalt forskingsprosjekt, der målet er å bidra til langsiktig økonomisk vekst. I Firda 18. mars stod ein artikkel om kva kommunane meiner dei er gode i næringslivet.



INTERVJU: Samfunnsøkonom Johannes Idso på Høgskulen i Sogn og Fjordane har intervjuet næringsjefane i 26 kommunar. Arkivfoto: Bent Are Iversen

Askvoll: Unge flyttar frå kommunen. Stillstand: Landbruket slit. **Fjaler:** Dårleg infrastruktur. Stillstand: landbruket slit. **Gaular:** Dårlege vegar. Odelslovgjevinga. Stillstand: Landbruket har hatt problem, i omleggingsfase.

Jølster: Pendlarkommune. Få nyetableringar. Stillstand: Entreprenørverksemda.

Førde: Det er usikkert. Stillstand: Nei, ikkje no.

Naustdal: Førde trekker til seg bedriftene. Stillstand: Stabilitet,

status quo.

Bremanger: Kommunens Terrapap. Stillstand: Landbruk og fiske stagnerer.

Vågsøy: Kommunane er for små til effektiv næringsutvikling. Få til større einingar. Stillstand: Tradisjonelt fiske og fiskeindustri.

Selje: Avstanden til byane. Stillstand: Landbruk.

Eid: Mangel på kvinnearbeidsplassar. Stillstand: Nei. Landbruket er levedyktig.


Hornindal: Mangel på arbeidskraft. Stillstand: Status quo. Avventande haldning.

Gloppen: Liten linekapasitet på elnettet. Stillstand: Landbruk, i omleggingsfase.

Stryn: Lite tilgjengeleg næringsareal. Stillstand: Bussfabrikk konkurr. Svingingar i Dooria.

Slik svarer politikaren

– Sogn og Fjordane treng fleire gode idear. Vi skulle hatt fleire grunderar, meiner Kjartan Longva, ordførar og leiar i styret for



AT EG VÅGA: Heidi Nyhammer starta med innramming tidleg på 1990-talet, på 16 kvadratmeter i garasjen i Naustdal. I 1999 flytta ho til Fj og å bruke nevene og vere kreativ var drivkrafta bak å starte med innramming på heiltid. Når eg ser tilbake, tenker eg stundom «Gud, at eg

Innovasjon Norge og plan- og næringsutvalet i fylkeskommunen.

– Har vi det for godt og er «mette»?

– Den lågaste arbeidsløysa i landet fremjar ikkje akkurat grunderand. Det heiter at «Naud lærer naken kvinne å spinne». Dessutan er vi eit kapitalfattig fylke, og eg meiner at bankane er for forsiktige. Skal grunderane ha meir privat kapital, må dei også vere villige til å gje frå seg noko av styringa i bedrifta, seier Longva.

Men Heidi Nyhammer ville

Heidi Nyhammer starta med innramming i garasjen heime i Naustdal. I dag har ho verkstad og butikk i eige bygg i Førde.

Det mangla ikkje på åtvaringar då ho sa opp ein fast jobb og flytta Rammeriet frå Naustdal til Førde i 1999.

– Fleire av leverandørane mine sa «du er ikkje klok», for den

gongen var det seks-sju ramme- makarar i Førde, men når eg først hadde tenkt tanken, klarte eg ikkje å la vere. Eg var litt kjepphøg og svarte «Ja, men eg er best», men eg såg at eg kunne drive på ein litt annan måte og tenkje kreativt, oppsummerer ho.

«Honndalstausa» som flytta til Sunnfjord hadde sløyd valfag på skulen, er utdanna skreddar og

Søker om skjenkeløve på hytta

■ **HØYANGER/BALESTRAND:** Bensen Bar DA i Balestrand søker Høyanger kommune om løve til å skjenke øl og vin i samband med arrangementet Gøyanger SNØ. Det sosiale på kveldstid skal gå føre seg på Falkenhytta. Dei søker om skjenkeløve 26. mars frå klokka 16.00 til 20.00, heiter det i søknaden.


Måtte rykke ut til mottak etter bråk

■ **FØRDE:** Politiet måtte rykke ut til mottaket på Bergum i Førde fredag ettermiddag etter at det kom melding om ordensuro. Ein utanlandsk borgar knuste ruter, og politiet henta mannen inn til lensmannskontoret i Førde. Politiet fekk melding om hendinga like før halv tre fredag. Det har fleire gonger tidlegare komme meldingar om ordensuro på mottaket.

Du kan spasere på raud løpar

■ **FØRDE:** Onsdag 6. april kan du bli med på festpremiere på Kino Førde. Då kan du spasere på den raud løparen, sjå filmen som vart spela inn i Førde i sommar og bli med på festen etterpå, skriv Førde kommune på nettsida si. Det handlar naturlegvis om premiere på «Dødens drabanter».

veksten i fylket



Snapt 10 år seinare kjøpte ho ein forretningseigedom i Hafstadvegen der ho i dag har verkstad og butikk på 160 kvadratmeter. Gleda deler seg med familien. Foto: Jo Haveland Stevenson

rammemakar og starte si eiga bedrift

elskar å bruke nevane og vere kreativ.

Nyhammer meiner at ein forsiktig start med låge utgifter, kombinert med små born og deltidsjobb, var rett. Ho dreiv ein periode i Naustdal før ho tok det store steget.

– Eg fekk ein utruleg vekst i Førde. Til jul det året rakk eg berre å støvsuge og pynte litt heime.

Ho dreiv i Smauet i nesten 10 år. Då var butikk og verkstad i ferd med å bli for liten og Hafstadvegen 33 var til sals i 2008. Ho kjøpte eigedommen saman med Marit Navelsaker Bruland, også ho frå Hornindal.

– Vi tok ein sjanse, men omsetnaden i Rammeriet auka 100 prosent. Det var finanskrisa, og då er mange forsiktede med store

investeringar, men folk tek vare på det dei har, som innramming av bilete og andre gode minne.

– Du bur framleis i Naustdal. Føler du at du har srikta kommunen ved å flytte?

– Eg tenkjer på det når eg ser at det minskar i sentrum, men det styrer seg sjølv. Eg valde å satse, og du får ikkje førdefolk til å reise til Naustdal, seier Nyhammer.



MEIR HANDLEFRIDOM: Regjeringa vil la kommunane få større råderett over si eiga kystlinje. Arkivfoto: Vidar Gudvangen

Regjeringa lettar på strandsone-grepet

POLITIKK: Sogn og Fjordane får praktisere strandsonevernet annleis enn i pressområde som langs Oslofjorden.

HELGE JOHNSEN
helge.johnsen@lrta.no 91148810

– Dette helsar og velkomen, seier fylkesleiar Karen Marie Hjelmseseter i Sp, etter at regjeringa i går opna opp for større differensiering i strandsoneforvaltninga og høve til meir bygging langs sjøen i Sogn og Fjordane.

Regjeringa innfører no tre graderingar, og der Sogn og Fjordane kjem inn under den mildaste.

– Dette gjer det lettare å fremje bustadbygging og næringsutvikling i utkantkommunane. Eg er sikker på at dette vil vere med på å bidra til at vi får mange attraktive bustadområde, og at det blir meir attraktivt å kome til Sogn og Fjordane, seier Sp-fylkesleiar. Det har lenge vore eit krav at strandsonepolitikken i vårt spreiddbygd fylke må bli meir fleksibel.

– Risikerer ein ikkje over tid ei sakte nedbygging også her?

– Presset har ikkje vore så stort i Sogn og Fjordane. Dessutan handlar det om å forvalte strandsone med klokskap, seier Hjelmseseter.



Treng du pengar til ny bustad? So bra!

Kom og fortel oss om bustadplanane dine. Vi strekkjer oss så langt vi kan for å hjelpe deg. At du kjem til Sparebanken Sogn og Fjordane og ber om bustadlan er berre So bra!

ssf.no

so bra